

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

25.søndag i treeiningstida – 11.november 2018.

Preiketekst: Matt 14,22-34

Lesetekst I: Salme 107,23-32

Lesetekst II: 2 Kor 1,8-11

Hjelp i stormene

Tekstoppsett

25. og 26.søndag i treeiningstida er mellom dei søndagar som ikkje kjem att kvart år. Dei når vi berre opp i, dersom påska kjem tidleg. Når det skjer, får vi også færre av søndagane i openberringstida. Slik var det dette året, då vi i tillegg til Kristi Openberringsdag berre hadde to 'openberringssøndagar'. I fastsetjinga av tekstrekkene har kyrkjemøtet difor valt å gjere det slik at når vi misser tekstar i openberringstida, kjem desse att på slutten av treeiningstida – i omvendt rekkefølge. Difor er tekstane på denne søndagen dei same som på 5.søndag i openberringstida, og neste søndag, dei same som på 4.søndag i openberringstida. Før gudstenestereforma 2011 var Matt 14,22-34 andre rekkes tekst for 4.søndag i openberringstida (frå 1977).

Openberringstekst i treeiningstid

Tradisjonelt har dei ulike kyrkjeårstider sin særlege karakter og budskap. Om openberringstida skriv Tore Kopperud «Det er åpenbaringen av Guds herlighet gjennom Jesus Kristus som på ulike måter møter oss de første søndagene i Åpenbaringstiden. Her åpenbarer Gud sin herlighet ved å vise oss hvem Jesus er. Kanskje kan vi derfor på bakgrunn av tidens grønne farge tale om å vokse i innsikt når det gjelder Jesu person.» (På vandring gjennom kirkeåret) Og om denne teksten seier han at det «er dagen da Jesu herlighet viser seg i møte med naturens krefter.» Spørsmålet vert då om det er openberringstida sin karakter som skal farge utlegginga av teksten, eller treeiningstida som er tida for vekst og modning, der det er det kristne livet som skal vekse. Eller kanskje ulikskapen ikkje er så stor, då den viktigaste vekst vi kan ha som kristne, er å vekse i «innsikt når det gjelder Jesu person» og kva han har å seie for våre liv. Uansett er det mi overtyding at vår oppgåve som forkynnarar er å formidle teksten sin budskap, og av teksten denne søndagen er der i alle fall mykje å lære for både liv og tru.

Let Jesus trua bli prøvd?

Jesus har nettopp metta fem tusen menn forutan kvinner og born med fem brød og to fiskar. Deretter tek han farvel med folket, får læresveinane til å gå i båten for å fara attende til der dei kom frå, og går så åleine opp i fjellet for å be. (Parallellar finn vi i Mk 6,45-52 og Joh 6,16-21). Så kjem stormen, som er så veldig at dei har store vanskar med å komme seg over, og det lid langt på natt. Nattevaktene, som tidlegare var delt i tre, var på denne tida etter romersk ordning delt i fire, rekna frå klokka seks om kvelden. Fjerde nattevakta var då mellom klokka tre og seks om morgonen. Eit uomgjengeleg spørsmål blir: Visste Jesus, då han sende dei av garde, at dei ville møte desse vanskaner? Vi kan ikkje vite svaret, men vi har andre eksempel på at Gud set trua på prøve med sikte på at trua skal bli styrka. Det kan vere nok å tenke på korleis Abraham vart prøvd både før og etter Isak var fødd, og vart eit føredøme på tru og tillit (Heb 11). I tilfelle kunne vi vel

også tenke at då Jesus var i fjellet for å be, hadde han læresveinane si trusprøve i fokus – jfr Luk 22,32 og Heb 7,25.

Jesu makt – Peter si tru og vantru

Matteus er åleine om å fortelje om korleis Peter stig ut av båten og går på vatnet mot Jesus. Eit sterkt døme på den krafta som ligg i å ha trusblikket festa på Jesus. Så lenge Peter heldt fokus på Jesus, kunne han gjere som Jesus, men då fokus vart endra til dei faktiske tilhøva han var i, tok han til å søkka. Men det er verdt å merka seg at det var ikkje den uroande tvilen som avgjorde hendinga vidare, men ropet i naud – «Herre, berg meg!» Jesus høyrer ropet i naud.

At Jesus kom gåande på vatnet midt i stormen, fortel også Markus og Johannes, medan berre Markus og Matteus fortel at dei trudde det måtte vere eit gjenferd. Om dette kunne vere knytt opp til tanke om varsel om undergang – slik vi kjenner frå folketru i andre kulturar – har eg ikkje sett nokon kommentar til, men alle tre fortel at det skapte stor redsle.

Det viktige poenget her må vere å vise at Jesus rår også over naturkreftene, og har makt til å gripe inn endå i dei mest dramatiske situasjonar i livet, og at han er der og kjem når vi mest treng det. Jesus møtte dei med orda «Ver ved godt mot! Det er eg, ver ikkje redde!» Læresveinane skjønar at ei slik makt kan ingen andre ha enn ein som er komen frå Gud – V.33: Dei som var i båten, tilbad han og sa: «Du er sanneleg Guds Son!»

GT som klangbotn

Vi har alt sett at forteljinga om korleis Abraham vart sett på prøve, kan vere ei klangbotn for å få eit tydelegare bilete av den trusprøva læresveinane opplevde stormnatta på Gennesaretsjøen. Det er ikkje tvil om at mange ulike ord og hendingar i GT på denne måten er med og gjev djupare innhald til det vi møter i evangelia. Eit avsnitt som naturleg høyrer med til denne søndagsteksten er sjølvsgat første lesetekst frå Sal 107,23-32 der versa 28-30 lyder slik: «*Då ropa dei til Herren i si naud, og han førte dei ut av trengslene. Han fekk stormen til å stilna, og bølgiene la seg. Då det stilna, vart dei glade. Han førte dei i hamn der dei ville.*»

Desse versa gjer det tydeleg kven som møtte dei på sjøen, stilla stormen og førte dei til land. Det var Herren – han som rår over himmel og hav. For dei av læresveinane som var vande med båt og fiske, var dette kanskje ord dei alt hadde merka seg som spesielt verdfulle? Men kanskje også andre hendingar i GT kunne kome i tankane?

Jonas si erfaring

Jonas var på flukt frå Gud, og gjekk om bord i eit skip som tok han med ut på havet. Der møtte stormen dei, og dei var nær ved å forlise. Då opplevde Jonas at det var han som var skuld i den dramatiske situasjonen, og bad om å bli kasta over bord slik at båt og mannskap kunne bli berga. Og slik gjekk det.

No vart Jonas på underfullt vis berga og ført tilbake og inn att i Guds kall. Like fullt ser vi her eit motstykke til det som hende med læresveinane. Jonas vart kasta over bord fordi han hadde handla mot Guds kall, læresveinane vart berga fordi dei vart møtt av Jesus som steig inn i båten til dei. Også Peter, som steig ut på sjøen, vart berga, trass i tvilen som kom, fordi Jesus rette ut handa og greip han. Slik er det å bli møtt midt i livet av han som kjem med nåde og ikkje med følgjene av våre mistak.

Moses leia gjennom sjøen, nådde ikkje målet

Det same lærer vi av Moses. Den mest skjelsjetjande hendinga i GT med sjø og hav som 'arena' må vere då Moses leia heile folket gjennom Sivsjøen og dei vart berga frå egyptarhæren. Men igjen er det ei hending med ei tydeleg minusside. Dei vart berga gjennom sjøen, men – på grunn av vantru og dermed ulydnad mot Guds kall, var det ingen av dei – med unntak av to – som fekk kome inn i det lova landet. Med Jesus i båten vart det annleis – dei nådde alle til den andre sida, og kunne gå velberga i land i Gennesaret. Kan desse to hendingane i GT stå som forsterkande klangbotn og vise oss noko om at når vi er på livsens ferd med Jesus, så reiser vi med Han som har makt og omsorg

og som gjev den nåde som gjer at vi ein dag også vil kunne nå heilt fram til det endelege målet?
Det minner sterkt om den enkle songen av Trygve Bjerkreim som vi ofte sang i ungdomstida og på leir. I det fjerde verset, der landskapet er bytta med norske vestlandsfjordar, finn vi orda «*Han fører deg frelst over fjorden, heilt fram til den himmelske strand. Når døden sin brotsjø du møter, vil Jesus dra båten i land.*»

Knut Fredrik Sørheim

Pensjonert prest. Fritidsarbeidar og krinsstyremedlem i Bergen krins av DNI.

knutfsorheim@gmail.com